



Høgskulen  
på Vestlandet

# BACHELOROPPGÅVE

Å skape tryggleik for dei yngste barna i  
barnehagen

To create a safe environment for the youngest  
children in the kindergarten

**Kandidatnummer 204 & 219**

**Julie Heggheim & Ann Kristin Borren Hukset**

BACHD401 Bacheloroppgåve

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett

Rettleiar Astrid Reidun Berglid Bakken

Innleveringsdato 25.05.2023

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.

**Title:** To create a safe environment for the youngest children in the kindergarten

**Author:** Candidate number 204 & 219

**Year:** 2023

**Pages:** 32

**Keywords:**

Educational leader

Adaption

Attachment

Parental cooperation

**Summary:**

In this bachelor's assignment, we have investigated how the kindergarten and educational leader can create a safe and soft transition from home to kindergarten for children aged 1-2, specifically the youngest children. The task focuses on adaptation, attachment theory, parental collaboration, and the responsibilities of the educational leader. By utilizing relevant theory and qualitative methodology, the text highlights these elements in order to shed light on the research question «How can the educational leader create a secure adaptation for the youngest children in kindergarten?»

# Innhold

1	Innleiing.....	4
1.1	Problemstilling med avgrensing.....	4
1.2	Omgrepsavklaring.....	5
1.3	Oppbygging av oppgåva .....	5
2	Tidlegare forskning.....	6
3	Teori .....	7
3.1	Pedagogisk leiar.....	7
3.2	Tilvenning .....	7
3.3	Tilknytningsteori.....	8
3.3.1	Trygg og utrygg tilknytning.....	9
3.4	Tryggleikssirkelen .....	10
3.5	Primærkontakt .....	11
3.6	Foreldresamarbeid .....	12
4	Metode.....	13
4.1	Val av metode.....	13
4.2	Val av informantar .....	14
4.3	Det kvalitative intervjuet.....	14
4.4	Validitet og reliabilitet.....	15
4.5	Etiske refleksjonar .....	16
5	Empiriske funn .....	16

5.1	Presentasjon av informantar .....	16
5.2	Tilvenning .....	17
5.3	Tilknytning .....	19
5.4	Foreldresamarbeid .....	20
6	Drøfting .....	21
6.1	Pedagogisk leiar .....	21
6.2	Tilvenning .....	22
6.3	Tilknytning .....	23
6.3.1	Primærkontakt .....	23
6.3.2	Tryggleikssirkelen .....	24
6.3.3	Overgangsobjekt .....	24
6.4	Foreldresamarbeid .....	25
7	Avslutning .....	27
8	Litteraturliste .....	28
9	Vedlegg .....	30
9.1	Vedlegg 1: Samtykkeerklæring for intervju til bacheloroppgåve .....	30
9.2	Vedlegg 2: Intervjuguide .....	32

# 1 Innleiing

Det har vore ei stor auke i talet på barn i alder 1-2 år som går i barnehage no enn tidlegare. I dag går 87,7 % norske barn i alderen 1-2 år i barnehagen (Statistisk Sentralbyrå, 2021). Barn kjem til barnehagen med ulike føresetnadar og behov. Nokre barn vert trygge med ein gong, andre treng lengre tid. Broberg et al., (2018, s. 5) hevdar at barnehagen aldri har hatt større betydning for barns trivsel og utvikling. Erfaringane små barn får i barnehagen, har stor betydning, og i den samanheng er vaksenrolla heilt sentral. Med dette har personalet ei viktig rolle i korleis dei møter barn og føresette.

Ifølgje Drugli et al., (2020, s. 81) bør alle tilsette som jobbar med små barn vere oppdaterte og ha eit felles kunnskapsgrunnlag om små barn sine behov og tilvenning i barnehagen. Kunnskapsgrunnlaget bør innehalde ein plan for overgangen frå heim til barnehage. Difor er det viktig at tilsette i barnehagen brukar tid på å reflektere over kva som kan vere ei god tilvenning for små barn, og kvifor. Kunnskap om dei yngste barna og korleis personalet kan etablere gode og trygge relasjonar vil difor vere avgjerande for at barn skal få ei trygg tilvenning.

Rammeplan for barnehage er eit viktig styringsdokument og noko som personalet skal arbeide ut frå. I rammeplan for barnehage står det «*Når barnet begynner i barnehagen, skal personalet sørge for tett oppfølging den første tida, slik at barnet kan oppleve tilhørsle og føle at det er trygt å leike, utforske og lære*» (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 33).

Denne oppgåva handlar om tilvenning i barnehagen. Bakgrunn for val av tema er at vi som nyutdanna barnehagelærarar ser det som eit viktig og aktuelt tema for å gje dei yngste barna ein så trygg og god start som mogleg. Formålet med oppgåva blir å undersøke korleis pedagogisk leiar ilag med personalet arbeider med ei trygg tilvenning i barnehagen.

## 1.1 Problemstilling med avgrensing

*Korleis kan pedagogisk leiar skape ei trygg tilvenning for dei yngste barna?*

Problemstillinga vektlegg korleis pedagogisk leiar arbeider med tilvenning i barnehagen. Den rettar seg mot dei yngste barna i barnehagen, aldersgruppa 1-2 år.

## 1.2 Omgrepsavklaring

Pedagogisk leiar er utdanna barnehagelærar og har treårig høgskuleutdanning. Rammeplanen (2017) viser til ulike roller og ansvar i barnehagen. Den nemner barnehageeigar, styrar og pedagogisk leiar. Ifølgje rammeplanen (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 16) skal «Den pedagogiske leiaren leie arbeidet med å planleggje, gjennomføre, dokumentere, vurdere og utvikle arbeidet i barnegruppa innanfor dei områda han/ho er sett til å leie». Gotvassli (2019, s. 93) hevdar at dette handlar om å ivareta kjerneoppgåvene i barnehagen. Det pedagogiske arbeidet i barnehagen leiast gjennom leik, læring, omsorg og danning. Vidare seier rammeplanen at det er pedagogisk leiar sitt ansvar å setje i verk og leie dette arbeidet. Rammeplanen seier også noko om at barnehagen skal ha ein plan for tilvenning og overgangar, både for overgangen heim til barnehagen og internt i barnehagen (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 38).

I denne oppgåva er tilvenninga knytt til overgangen frå heim til barnehage. Ordet trygg tilvenning blir brukt og handlar om korleis barnehagen kan skape ein overgang som er trygg og god for barnet. Broberg et al., (2018, s. 129) hevdar tilvenning i barnehagen er knytt til sterke kjensler, som ein kan sjå hos både barnet og dei føresette. Vidare viser Broberg et al., (2018, s. 131) til at tilvenning har tre føremål. Det eine er å venne barnet til eit nytt miljø, vidare er det å gje barnet tid til å få minst ein tilknytingsperson. Det tredje føremålet er å venne barnet til å vere åtskilt frå foreldra over lenge tid og vere trygg nok til å leike, utforske, søke trøyst og nærleik til ein eller fleire tilsette i barnehagen.

## 1.3 Oppbygging av oppgåva

Oppgåva består av innleiing, tidlegare forskning, teori, empiri, drøfting og avslutning. Fokuset vil vere på pedagogisk leiar si rolle, tilvenningsprosessen og dei yngste barna i alderen 1-2 år.

## 2 Tidlegare forskning

Etter mykje søking på nett om tilvenning for dei yngste barna, fann vi ut at det er lite forskning på området. May Britt Drugli er pedagog og professor i pedagogikk og den fremste innan forskning på tilvenning for små barn i Noreg. Ifølgje Drugli (2020, s. 11) si forskning «Å begynne i barnehagen – små barns prosess» er det lite forskning på feltet.

Eit viktig utgangspunkt i forskinga er at 84 % av barn mellom 1-2 år i Noreg går i barnehage i 2020 (Drugli, 2020, s. 2). Eit slik høgt tal viser det er behov for forskning på feltet. Ifølgje Drugli (2020, s. 2) er overgangen frå heim til barnehage den første store overgangen i barnet sitt liv.

Forskning viser at norske barnehagar har i fleire tiår praktisert tre dagar med tilvenning. Ifølgje Drugli (2020, s. 2) er foreldre delaktige og tilgjengelege dei tre første dagane. Vidare kjem det fram at fleire barnehagar praktiserer ei veke tilvenning. Drugli (2020, s. 11) viser også i si forskning at barn framleis er i ein tilvenningsprosess to veker etter første dag i barnehagen. Vidare påpeikar ho kor viktig det er med eit tett og godt foreldresamarbeid ettersom trygge vaksne skapar trygge barn. Nokre hovudpunkt i forskinga er regulering av vanskelege kjensler til dømes når barn blir frustrerte, redde eller triste og er noko små barn har manglande kapasitet til. Difor vil det vere viktig med trygge omsorgspersonar som kan hjelpe, trøyste og støtte for at barna sine hormon og nervesystem gradvis blir utvikla (Drugli, 2020, s. 3).

Drugli (2020, s. 5) viser til auka stressnivå hos barn under tilvenning. Funna viser til at stressnivået aukar når foreldre går frå barnet. Vidare kjem det fram at barn med trygg tilknytning til foreldre har lågare stressnivå normalt sett enn barn med utrygg tilknytning (Drugli, 2020, s. 3). Dette viser kor viktig det er å vere ein trygg vaksen for barn. Ifølgje Drugli (2020, s. 4) må barnet sin kontaktperson i barnehagen kople seg på barnet samtidig som foreldre er saman med barnet for å få ein mjuk overgang.

## 3 Teori

### 3.1 Pedagogisk leiar

Barnehagen er ein organisasjon som er bygd opp med éin styrar og pedagogiske leiarar. Styrar har hovudansvaret for tilsette og barnehagen, medan pedagogisk leiar har ansvaret for avdelinga (Skogen, 2021, s. 23). Styrar og pedagogisk leiar har eit stort ansvar for leiinga i barnehagen og skal arbeide ilag for å skape ein god organisasjonskultur. Bergersen (2017, s. 65) hevdar at korleis leiar organiserer og leiar barnehagen, kan få betydning for korleis organisasjonskulturen vert forma. Verdiar ein legg til grunn er avgjerande for resultatet. Bergersen (2017, s. 64) hevdar kulturen i barnehagen er prega av ein sterk likskapsideologi som kan påverke barnehagens relasjonar, organisering og fagleg arbeid. Dermed vert organisasjonskultur eit resultat av korleis barnehagen organiserer og leiar (Bergersen, 2017, s. 65).

Ifølgje Gotvassli (2019, s. 71) har pedagogisk leiar ansvar for å leie det pedagogiske arbeidet, produksjonen og kjerneaktivitetane i barnehagen. Vidare skal pedagogisk leiar initiere, leggje til rette for og leie utviklingsprosessar for å bli ein lærande organisasjon. Pedagogisk leiar skal leie det pedagogiske arbeidet i barnehagen sett i lys av samfunnsmandatet og verdigrunnet i tråd med rammeplan for barnehage og barnehagelova (Gotvassli, 2019, s. 71). Pedagogisk leiar har ansvar for å kontakte føresette og opprette dialog før tilvenningsperioden startar. Vidare har pedagogisk leiar ansvar for ein del informasjon som skal ut til dei føresette. Dette inngår i foreldresamarbeid. Pedagogisk leiar skal også i samarbeid med personalet leggje til rette for ein god tilvenningsperiode og organisere dagen. I rammeplan for barnehage står det «Den pedagogiske leiaren leier arbeidet med å planleggje, gjennomføre, dokumentere, vurdere og utvikle arbeidet i barnegruppa eller innanfor dei områda han/ho er sett til å leie» (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 16).

### 3.2 Tilvenning

Dei yngste barna som startar i barnehagen har som oftast non-verbalt språk. Dermed vil det vere viktig for barn å møte trygge, sensitive og omsorgsfulle vaksne som kan lese signala barna sender. «Sensitivitet handler om å kunne ta barnets perspektiv og ta barnets bidrag i samspillet på alvor, slik at barnet opplever seg forstått og godt ivaretatt» (Drugli et al., 2020, s. 32). Ifølgje Broberg et al., (2020, s. 131) handlar tilvenning om at barnet skal bli kjent med det nye miljøet og få moglegheit til å bli godt kjent med minst éin pedagog. Barnet skal også klare å vere åtskilt frå føresette over tid. Når barna startar i barnehagen har dei ein tilvenningsperiode. Tilvenning er ein overgang frå den kjente



og trygge heimen til barnehage som er nytt og ukjent. Ved å skape ein god overgang frå heim til barnehage kan barnet oppleve barnehagen som noko positivt. Som eit positivt tilskot kan dette vere nye relasjonar og erfaringar. Blir det utfordrande for barnet å starte i barnehagen kan dette medføre stress og utryggheit som kan føre til negative effektar på kort eller lang sikt (Drugli et al., 2020, s. 11).

Broberg et al., (2020, s. 137) hevdar fleire faktorar vil ha innverknad på korleis tilvenning utformast i ulike barnehagar. Nokre av desse faktorane kan handle om korleis barnehagen er organisert, vidare kan det handle om pedagogisk leiar og foreldre sine ønsker. Lengda på tilvenninga kan vere problematisk både for føresette og barnehagen. Føresette har kanskje ikkje moglegheit til å ta fri frå jobb over ein lengre periode og barnehagen har ofte mange nye barn som startar på same tid (Broberg et al., 2020, s. 137). Mange barnehagar vel ein pedagog som barnet og familien skal ha mest kontakt med den første tida. Broberg et al., (2018, s. 137) hevdar barnet vil knyte seg til ein tilsett, og deretter gradvis knyte seg til fleire. Nokre barnehagar vel ikkje ut ein bestemt kontaktperson, men har fokus på at fleire tilsette på avdelinga deltek i tilvenninga slik at barnet kan bli trygg på alle (Broberg et al., 2020, s. 137).

### 3.3 Tilknytningsteori

John Bowlby og var utdanna psykoanalytiker og vert sett på som tilknytningsteorien sin opphavsmann. På 1940-talet ønskte Verdas Helseorganisasjon (WHO) å rådføre seg med Bowlby på korleis hjelpe barn i sårbare situasjonar. Rapporten som kom fram etter dette arbeidet fekk fram kva betydning foreldre har for barn si utvikling, og korleis separasjon i tidleg alder kan påverke barnet (Broberg et al., 2018, 35).

Broberg et al., (2018, s. 35) hevdar tilknytningsteorien er den viktigaste psykologiske teorien når det kjem til korleis barn og vaksne tilnærmar seg til nærleik, beskyttelse og omsorg på den eine sida og sjølvstendighet, oppdagelsesglede og vekt på eigen styrke og evne på den andre sida. Ifølgje Broberg et al., (2018, s. 37) handlar tilknytning om nære kjenslemessige relasjonar. Døme på ein slik relasjon kan vere vennskap som har ulike trekk til felles. Blant anna at den vil vare over tid, ha stor kjenslemessig betydning for individet og at personane søker nærleik til kvarandre. Barn kan òg oppleve ufrivillig separasjon. Ifølgje Drugli et al., (2020, s. 30) «er tilknytning et emosjonelt bånd mellom barn og omsorgsgiver basert på barnets behov for beskyttelse, trygghet, og omsorg, og som utvikles gjennom samspillserfaringer».

### 3.3.1 Trygg og utrygg tilknytning


Tilknytning handlar om nære kjenslemessige relasjonar som varer over tid. Korleis barnet blir møtt av sine omsorgspersonar vil vere avgjerande for barnet sitt tilknytingsmønster. Samtidig handlar tilknytning om meir enn berre gode kjensler. Det handlar også om å hjelpe barn med vanskelege kjensler. Vere tett på, gje støtte og skape tryggleik til å kunne utforske og leike (Brandtzæg et al., 2014, s. 15). Ifølgje Drugli et al., (2020, s. 33) er trygg tilknytning når barnet har gjentakande erfaringar med å bli forstått og møtt på gode og tilpassa måtar av sine omsorgspersonar. Medan utrygg tilknytning kan komme av det motsette dersom omsorgspersonane til barnet ikkje er kjenslemessig tilgjengeleg for barnet, eller sensitiv i møte med barnet. Slik som Drugli et al., (2020, s. 33) hevdar «Utrygg tilknytning utvikles når omsorgspersonen enten ikke er sensitiv og følelsesmessig tilgjengelig for barnet eller er uforutsigbar i den forstand at barnet noen ganger blir møtt på gode måter, og andre ganger ikke. Disse barna kan ikke ta for gitt at den voksne forstår dem og tilpasser seg barnets behov».

Sensitiv tilnærming er med på å skape ei trygg tilknytning. Broberg et al., (2018, s. 37) hevdar når barn opplever tryggleik og beskyttelse frå den vaksne er tilknytninga trygg. Medan tilknytninga er utrygg når det å søke nærleik ikkje bidrar til ei auka kjensle av tryggleik og beskyttelse. Dersom dei vaksne ikkje har sensitiv omsorg ovanfor barnet kan tilknytninga verte utrygg. Drugli et al., (2020, s. 29) hevdar når barnet opplever ei kjensle av emosjonell tryggleik vil det bli betre rusta til dømes ved overgangar og utfordringar.

Donald Winnicott (1971) er kjent for omgrepet overgangsobjekt for å skildre kva verdi til dømes ein bamse eller koseklut kan ha når små barn separerast frå føresette (Drugli et al., 2020, s. 37). Ifølgje Winnicott «gjør overgangsobjektet det mulig for barnet å være fysisk atskilt fra forelderen og samtidig beholde et mentalt bilde av han eller henne. Barnet blir symbolsk forbundet med forelderen gjennom overgangsobjektet, ved at det skapes en forbindelseslinje i barnets hukommelse» (Abrahamsen, 2015) referert i (Drugli et al., 2020, s. 37). Overgangsobjekt er noko nært og kjent for barnet, som kan bidra til tryggleikskjensle også i barnehagen. Etter kvart som barnet blir godt kjent med og trygg i barnehagen, kan overgangsobjektet få mindre og mindre betydning (Drugli et al., 2020, s. 38).

### 3.4 Tryggleikssirkelen

Ifølgje Brandtzæg et al., (2013, s. 18) er tryggleikssirkelen (Circle of security) forska på i mange år når det gjeld tilknytning, og viser korleis barns grunnleggjande behov heng saman. Tryggleik kjem først og fremst framfor alt anna for eit lite barn. Allereie frå fødsel kjem barn til verda med grunnleggjande behov om å føle beskyttelse og tryggleik. Andre behov kan vere å utforske og meistre (Brandtzæg et al., 2013, s. 15 – 17). Tryggleikssirkelen er ein modell som består av to delar. Øvst i sirkelen handlar det om å vere ein trygg base, den vaksne ser og støttar barnet til å utforske. Nedst i sirkelen handlar det om å vere ei trygg hamn, den vaksne er støttande og ei trygg hamn når barnet treng trøyst og eit fang å sitte på. Med begge delane vågar barnet å utforske samtidig søke tilbake til den trygge hamna når barnet kjenne seg utrygg (Broberg et al., 2018, s. 43).



Figur 1 tryggleikssirkelen, henta frå psykologforeningen, 2023.

Øvst i sirkelen er barnet utforskande for omgjevnadane rundt seg. Barn lærer om andre menneske og sine omgjevnader. Gjennom dette utviklar barnet nysgjerrigheit. Brandtzæg et al., (2013, s. 25) hevdar når nysgjerrigheit blir avgrensa, vert glede i livet også avgrensa. Når barn er nysgjerrige, kan dei oppleve meistring og glede over livet. Ei anna side ved å utforske omgjevnadane er når barn oppdagar seg sjølv. Når barn opplever at dei kan påverke omgjevnadane og deira identitet er viktig, oppdagar barn seg sjølv som aktørar og kan medverke. Dette er viktig for opplevinga av indre tryggleik (Brandtzæg et al., 2013, s. 25).

Vaksne må vere støttespelarar i utforskinga til barnet ved å vere til stades og passe på. Brandtzæg et al., (2013, s. 26) hevdar at når barn får erfaringar med å føle seg trygg, skapar det indre psykologiske tryggleiksopplevingar i barnet. Samtidig må den vaksne vere nær og signalisere at det er trygt for

barnet ved å oppnå augekontakt, vere tett på og snakke med barnet for å opprette kontakt. Barnet si livsglede vert auka når dei opplever å bli sett av vaksne, noko som er spesielt viktig for dei yngste barna (Brandtzæg et al., 2013, s. 27).

Ifølgje Brandtzæg et al., (2013, s. 27) viser forskning at barn som ofte opplever vaksne som syner glede over dei, blir meir samarbeidsvillige. For å oppleve meistring og læring, er det viktig at barnet saman med den vaksne får hjelpe til og samtidig trene på å vere sjølvstendig (Brandtzæg et al., 2013, s. 28). Ein vaksen kan til dømes sette seg med to barn og eit leikekjøkken, der den vaksne hjelper barna inn i leiken. På denne måten vil den vaksne hjelpe barna, som kan auke barnets meistringskjensle og oppleve felles glede.

Når barn er nede i tryggleikssirkelen og treng lading søker dei den vaksne. Barnet kan ha behov for vaksenkontakt og eit fang å sitte på. Dei yngste barna har større behov for vaksenkontakt enn dei eldre barna. Etersom nervesystemet ikkje er ferdig utvikla, har dei meir indre uro (Brandtzæg et al., 2013, s. 29). Barn treng hjelp av personalet til å regulere uroa. Personalet kan hjelpe barnet ved å vere nær, roleg og sette ord på kjenslene barnet har. Brandtzæg et al., (2013, s. 32) hevdar evna barn har til å leike og finne ut av ting, bryt saman når dei er nede i sirkelen. Når barn er nede i sirkelen må personalet møte og støtte barn i kjenslene for at dei skal komme opp igjen i sirkelen.

Barn har behov for å kjenne seg beskytta, noko som er avgjerande for at barnet skal kjenne seg trygg (Brandtzæg et al., 2013, s. 32). Samtidig har barnet behov for trøyst når det er nede i sirkelen. Personalet må anerkjenne barnet sine kjensler og støtte barnet i at det vil gå bra (Brandtzæg et al., 2013, s. 34). Å vise godheit når barnet er nede i sirkelen er like viktig som når dei er øvst i sirkelen. Dette er avgjerande for utvikling og oppleving av tryggleik (Brandtzæg et al., 2013, s. 35). Menneske treng hjelp til å organisere kjensler og dette er eit grunnleggjande behov alle har. Personalet må difor ha kunnskap om tryggleikssirkelen. Broberg et al., (2018, s. 37) hevdar at dersom vaksne skal fungere som ei trygg hamn, må ein tolke barn sine signal og gje dei ei kjensle av tryggleik. Dersom barnet ikkje kjenner tryggleik kan tilknytninga verte utrygg.

### 3.5 Primærkontakt

Ifølgje Drugli et al., (2020, s. 37) er primærkontakt ein vaksen som gir barnet grunnleggjande erfaringar med tryggleik, slik at barnet lærer å skape relasjonar til andre barn. Når barn har primærkontakt kan overgang frå heim til barnehage bli betre. Gode rutinar i tilvenning vil vere viktig for å trygge barn. Eit døme på dette kan vere under avskjed. Dette kan utløyse reaksjonar i den same

delen i hjernen som vert aktivert under fysisk smerte. Det er viktig å ha kunnskap om denne mekanismen for å kunne forstå og støtte barn (Drugli et al., 2020, s. 28). John Bowlby hevdar barn sjølv søker etter ein omsorgsperson som vert barnet sin primærkontakt. Relasjonen som blir bygd vil få stor betydning for nære emosjonelle relasjonar barnet får seinare (Broberg et al., 2020, s. 59).

Når små barn begynner i barnehagen treng dei å kjenne tryggleik. Overgangen frå heim til barnehagekvardagen er stor for barnet. Ein måte å skape tryggleik på er gjennom bruk av primærkontakt. For at det skal fungere er det viktig at foreldre er til stades den første tida (Fagereng, 2020, s. 48). Drugli (2017, s. 22) hevdar når barn føler seg sliten, redd, hjelpelaus, sjuk eller lei seg, treng dei ei trygg hamn. Primærkontakt vert barnet si trygge hamn når barnet har ei trygg tilknytning til personen. For at tilknytninga skal vere trygg, må barnet over tid erfare sensitiv omsorg frå omsorgspersonen. Ved at barn opplever sensitiv omsorg klarar dei å regulere kjensler i situasjonar som er krevjande (Smith, 2002, Broberg, Hagstrom, og Broberg, 2014) referert i (Drugli, 2018, s. 46).

### 3.6 Foreldresamarbeid

Samarbeid mellom barnehage og heim er noko som står sentralt for at små barn skal ha det bra i barnehagen. Føresette er barn sine største og første førebilete og det dei står for vert også viktig for barna (Drugli et al., 2020, s. 46). Føresette er dei som har størst betydning for barna si utvikling, dette gjeld òg når barn har starta i barnehagen. (Drugli et al., 2020, s. 46). God kommunikasjon er avgjerande for at føresette og barn vert kjende gjennom barnehagetida (Drugli et al., 2020, s. 50). Foreldre som er bevisst på kva betydning det har for barn at dei involverer seg i barnehagen, viser seg å vere meir aktive i samarbeidsrelasjonar enn foreldre som ikkje er bevisst (Drugli et al., 2020, s. 50).

Eit godt foreldresamarbeid startar allereie ved første kontakt. Denne kontakten skjer allereie når føresette får beskjed om barnehageplass. Det vil vere viktig å gje god informasjon. I informasjonen er det fint å ha med opplysningar om barnehagen, rutinar, praksis, korleis tilvenninga er lagt opp og forventningsavklaring med føresette. Det er ikkje mogleg for føresette å medverke og oppnå godt nok samarbeid dersom informasjonen som vert gitt ikkje er tilstrekkeleg (Drugli et al., 2020, s. 49). Relasjon som er prega av likeverdig partnerskap er avgjerande for at samarbeidet mellom føresette og barnehagen skal fungere optimalt. Det er elementært at dette partnerskapet har barnet sine behov som fokus og kva som er bra for det enkelte barn. I ein samarbeidsrelasjon er tillit ein bærebjelke, der tillit veks fram som eit resultat av føresette si erfaring med dei tilsette. Dei daglege møta med føresette i bringe- og hentesituasjonar er eksempel på møter som kan byggje gode

relasjonar mellom føresette og tilsette. Det er grunnleggjande at personalet har kunnskap om dette slik at dei har positiv kontakt rundt barnet som mål i desse møta (Drugli & Onsjøien, 2021, s. 111).

Personalet oppmodar føresette om å komme på besøk i barnehagen for å bli kjent med utemiljøet, noko som blir gjort før barna startar i barnehagen. Foreldremøte kan vere ein annan arena til å stille spørsmål og helse på andre føresette. Med både skriftleg informasjon, foreldremøte og invitasjon til besøk i barnehagen, dannar det eit godt grunnlag for eit viktig samarbeid. Drugli et al., (2020, s. 48) framhevar kor verdifullt det er med gode samarbeidsrelasjonar mellom føresette og personalet, og viser til samanheng med både sosioemosjonell, språkleg og kognitiv utvikling hos barn. Dette er rapportert av både føresette og personalet (Drugli et al., 2020, s. 48). For at kommunikasjonen skal vere god, er det viktig å tenke over at alle er ulike og må møtast individuelt.

Før barn begynner i barnehagen brukar det som tidlegare nemnt å vere moglegheit for føresette og barn å komme på besøk. Dette for å byggje relasjonar og for at barnet skal bli kjent og føle tryggleik til den nye plassen. Drugli et al., (2020, s. 48) hevdar at til betre kommunikasjonen mellom føresette og personalet er, til betre støtte opplever barna frå sine omsorgspersonar i barnehage og heim. Dette viser kor grunnleggjande foreldresamarbeid er. Drugli et al., (2020, s. 47) viser til at eitt sett med rutinar ikkje er nok i dagens samfunn. Det finst ikkje ein «One size that fits all» som personalet må ta omsyn til. Personalet må vite korleis kommunikasjon kan fungere for kvar enkelt forelder og arbeide ut frå det. Nokre føresette har det travelt i hente- og bringesituasjonar, medan andre har tid og ønsker å snakke med personalet om dagen som har vore. Ifølgje Drugli et al., (2020, s. 50) bør føresette få både munnleg og skriftleg informasjon. Når informasjonen vert gjeve munnleg og skriftleg vil personalet kunne nå ut til alle føresette. Som tidlegare nemnt er kommunikasjon nøkkelen for å lykkast med eit godt foreldresamarbeid.

## 4 Metode

I denne delen vil vi ta for oss val av metode. Vidare vil vi komme inn på val av informantar, validitet og reliabilitet og etiske dilemma.

### 4.1 Val av metode

Ifølgje Dalland (2020, s. 54) er metode eit reiskap som kan hjelpe oss å samle inn data og informasjon

for å undersøke valt emne. Metode definerast gjerne som eit verktøy vi brukar på vegen til målet (Kvale & Brinkmann, 2009, s. 199). Vitskapleg metode, eller teknikkar, gir svar på ulike forskingsspørsmål. Målet vil då vere å få informasjon om det ein ønsker å undersøke, og innhente kunnskap om korleis informasjonen kan analyserast (Bergsland et al., 2022, s. 28). Når ein vel metode er det viktig å vite på førehand kva ein vil undersøke. Det er fleire formar for metode, to hovudtypar ein kan bruke er kvalitativ og kvantitativ metode. Ifølgje Dalland (2020, s. 54) er kvantitativ metode data i form av målbare einingar. Metoden vert og kalla harde data. Det handlar om å innhente tal eller mengde av noko. Det kan til dømes vere ei spørjeundersøking der målet er å finne ut kor mange som meiner ja eller nei. Dalland (2020, s. 54) hevdar at forskarar som nyttar kvantitativ metode kan omtalast som teljarar.

For å undersøke «*Korleis kan pedagogisk leiar skape ei trygg tilvenning for dei yngste barna?*» vil det vere hensiktsmessig å bruke kvalitativ metode. På bakgrunn av problemstilling har vi valt å intervju informantane for å undersøke deira svar kring tema. Fordelar ved kvalitativ metode er at ein blir kjent med enkeltindivid sine meiningar. Ifølgje Dalland (2020, s. 57) er døme på kvalitativ metode observasjonar og intervju. Dalland (2020, s. 56) hevdar forskarar som brukar kvalitativ metode kan ein omtale som tolkarar. Dette handlar om datamateriale og arbeidsmåte som kjenneteiknar dei ulike tilnærmingane. På kvar sin måte bidreg kvalitativ og kvantitativ metode til betre forståing av samfunnet vi lever i, til dømes korleis enkeltmenneske, grupper og institusjonar samhandlar (Dalland, 2020, s. 54).

## 4.2 Val av informantar

Val av informantar kan vere strategisk eller tilfeldig. Ifølgje Dalland (2020, s. 79) handlar strategisk val om ein vel personar som ein tenker har bestemt kompetanse eller erfaringar. Valet vårt er strategisk ut frå problemstilling og kva vi ønsker å få svar på. Vi har intervjuar fire informantar som har leiarrolle samt erfaring og kompetanse om tilvenning, tilknytning og foreldresamarbeid. Informantane er fire pedagogiske leiarar, alle frå kommunale barnehagar. Informant 1 og 2 er frå same barnehage, og 3 og 4 frå same barnehage. Ifølgje Dalland (2020, s. 81) kan ein til tre personar vere nok. Samtidig kan informantane trekke seg når som helst i prosessen, difor valte å intervjuar fire.

## 4.3 Det kvalitative intervjuet

Når vi valde intervju som metode ønska vi å intervjuar personar med fagkompetanse. Dalland (2020,

s. 80) hevdar at som student er det mest aktuelt å vende seg til kompetente fagfolk som intervjupersonar for å få kunnskap som kanskje ikkje er skreve om i faglitteratur endå. Vi var i dialog med informantane i forkant av intervjuet, hadde fysisk møte og informerte dei om kva og korleis vi skal bruke intervjuet. På førehand delte vi ut spørsmåla til intervjuet og samtykkeskjema. Ved å vere førebudd og gje god informasjon i forkant legg ein grunnlaget for eit godt intervju (Dalland, 2020, s. 82).

Vi presiserte på førehand og undervegs i intervjuet at det ikkje er noko riktig eller feil svar for å vise at vi ønsker sjølvverfart kunnskap om temaet. Intervjuguiden inneheld spørsmål som er formulert med kva, korleis og beskriv. Å stille opne spørsmål kan vere avgjerande for å få utfyllande svar. Intervjuguiden er strukturert slik at vi kan halde ein raud tråd gjennom intervjuet, noko som dannar grunnlaget for oppgåva vidare. Ut frå intervjuet har vi laga overskrifter som er gjennomgåande i oppgåva. Vi gav forslag til informantane om tidspunkt for intervjuet, men var og fleksible dersom det var andre ønsker. Intervjua vart gjennomført i løpet av og fann stad i barnehagane til informantane. Gjennom planlegging og dialog med informantane fortalte vi korleis vi tenkte å gjennomføre intervjuet ved at ein stilte spørsmål medan den andre noterte ned det som vart sagt.

#### 4.4 Validitet og reliabilitet

Som tidlegare nemnt kan metodar nyttast for å samle inn data. Omgrepa validitet og reliabilitet står sentralt når det gjeld dette. Reliabilitet tyder pålitelegheit og validitet handlar om relevans og gyldigheit (Dalland, 2020, s. 80). Dersom kjemien med informanten ikkje er god kan intervjuet bli kort og ubehageleg. Er kjemien god, kan ein få utfyllande svar og ei positiv oppleving. Det er også mange nyansar mellom det ein kan oppleve som eit godt og dårleg intervju. Vi opplevde at intervjua var prega av god kjemi, ettersom dialogen på førehand var fysisk møte og informantane fekk spørsmåla i forkant for å vere førebudd.

Når ein brukar intervju som metode, er det fleire utfordringar som kan oppstå. Det kan til dømes vere om spørsmålet vart oppfatta slik det var meint, og om vi noterte ned alt som vart sagt utan å miste hovudpoenget. Eit anna døme kan vere om vi tolka notata frå intervjuet rett i etterkant (Dalland, 2020, s. 63). Det kan vere ein fordel at vi begge var med under intervjuet relatert til prosessen med analysering i etterkant. Vi har utarbeidd ein intervjuguide for å finne svar på problemstillinga vår.



## 4.5 Etske refleksjonar

Når ein vel tema og problemstilling bør ein tenke over kven som vil ha nytte av kunnskapane vi vil belyse (Dalland, 2020, s. 171). Vi ønska å auke kunnskapen vår kring temaet og trur både føresette og personalet i barnehagen kan ha nytte av det vi har formidla i oppgåva. I prosessen med val av informantar har vi vore opptekne av at informasjonen vi innhentar vert behandla anonymt. Dette gjorde vi i form av å avtale intervjuja munnleg. Når vi noterte svara undervegs, kategoriserte vi personane etter informant 1-4. Ifølgje Dalland (2020, s. 172) kan ein ikkje spore enkeltpersonar til opplysningane når datamaterialet er anonymt. Informantane fekk på førehand utlevert samstykkeskjema (sjå vedlegg 1). I skjemaet står det informasjon om kva det inneberer for dei å delta, kontaktopplysningar, behandling av personopplysningar og at notata vert sletta når oppgåva er levert (Dalland, 2020, s. 172). Vi har tenkt nøye over at vi ikkje går inn på sensitiv informasjon om informantane. Sensitiv informasjon kan til dømes vere kjønn, helseforhold eller medlemskap i foreiningar (Dalland, 2020, s. 172). Dette for å ikkje påføre informantane skade eller unødvendige belastningar det kan få ved utlevering av slik sensitiv informasjon (Dalland, 2020, s. 168).

## 5 Empiriske funn

I denne delen av oppgåva vil vi presentere funn frå undersøkinga som skal svare på problemstillinga: *Korleis kan pedagogisk leiar skape ei trygg tilvenning for dei yngste barna?* Vi har kategorisert svara inn i nokre av dei same kategoriane som i teoridelen, det vil sei tilvenning, tilknytning og foreldresamarbeid. Slik vert det enklare å strukturere svara ut frå kategoriane og noko som vil skape oversikt når vi skal drøfte. Informantane vil bli kalla informant 1, 2, 3 og 4 for å ivareta deira anonymitet. Direkte sitat er sett i kursiv for å få fram informantane sine direkte utsegn.

### 5.1 Presentasjon av informantar

Informantane arbeider alle i kommunale barnehagar. Dei er utdanna barnehagelærarar og arbeider som pedagogisk leiar på småbarnsavdeling. Informant 1 og 2 arbeider i same barnehage og 3 og 4 er frå same barnehage.

Tabellen under (Tabell 5.1) presenterer informantane.

<u>Informant</u>	<u>Utdanning/år</u>	<u>Vidareutdanning</u>	<u>Yrkeserfaring i barnehage</u>
Informant 1	Barnehagelærer 2013	Ja, fleire	7 år
Informant 2	Barnehagelærer 2017	Ja	20 år
Informant 3	Barnehagelærer 2018	Nei	4 år
Informant 4	Barnehagelærer 2013	Ja, fleire	14 år

Tabell 5.1

## 5.2 Tilvenning

Informantane fekk spørsmål om kva dei legg i omgrepet tilvenning. Dei var samstemte i at det handlar om ein overgang der barn skal vennast til ein ny kvardag i barnehagen. Informant 1 utdjupa ikkje noko meir utover dette. Informant 3 og 4 la vekt på at både barn og vaksne skal bli trygge og det er ein periode i livet ein treng det lille ekstra. I tillegg fortel informant 4 at tilvenning handlar om at barnet skal venne seg til nye rutinar og personalet skal byggje relasjonar med barn og foreldre. Ifølgje informant 2 handlar det om at barnet går frå ein trygg kvardag heime til noko som er nytt og ukjent.

På spørsmål om korleis avdelinga førebur tilvenninga har dei til fellestrekk eit møte i forkant der dei diskuterer korleis dei legg opp barnegrupper og kor tid det enkelte barn startar i barnehagen. Informant 3 fortel det er viktig at alle barn har tildelt ein plass og det praktiske er ordna i god tid før barnet begynner. Informant 4 fortel dei prøver å fordele gruppene ut frå alder og kjønn, og set saman barnegrupper på førehand som dei trur vil fungere. Vidare nemner informant 4 at dei gir informasjon om avdeling og barnehagen til foreldre og har oppstartssamtale før barnet startar. Informant 1 fortel at dei har eit informasjonsmøte med nye foreldre i juni der foreldre får komme å sjå barnehagen. Informant 2 fortel at dei har møter i forkant for å diskutere kva som er viktig i tilvenninga, det å vere til stades, engasjert og vise interesse for barn og foreldre.

Informantane var samstemte i at tilvenningsperioden bør vere minimum tre dagar, men oppfordrar foreldre til å bruke lengre tid. Informant 2 seier «*litt rart at det framleis er desse tre dagane, at ein ikkje legg inn fem dagar for eksempel*». Vidare fortel vedkommande at brevet som foreldre får tilsendt av styrar, inneheld informasjon om at tilvenninga går over tre dagar, men dei set av fleire

dagar ved behov. I tillegg fortel informant 2 at ingen tilvenning er lik og legg vekt på at fokuset skal vere barnets beste. Informant 1 fortel det varierer kor mange dagar foreldre er med på tilvenning ut frå korleis barnet reagerer og om foreldre er klare. Informant 3 fortel at foreldre har ikkje rett på meir enn tre dagar og er difor tidleg ute med å spørje kva dei tenker om tilvenningsperioden. Vidare fortel vedkommande at det er viktig å finne ut kven som ikkje har god tid, slik at barnet kan begynne først eller sist for å ikkje få ein dårleg overgang. Informant 3 seier «*barna skal ha det best mogleg i ein vanskeleg fase*». Informant 4 meiner ei veke bør vere sett av til tilvenning og oppfordrar foreldre til at barnet har kortare dagar i starten. Vidare fortel vedkommande at som oftast treng barn lengre tid enn tre dagar, og det vil vere individuelt kva behov barn har.

Informantane fekk spørsmål om barnehagen har ein plan for tilvenning. Begge barnehagane har ein plan som inneheld tre dagar med tilvenning. Informant 3 fortel at skrivet foreldre får tilsendt inneheld blant anna korleis dei legg opp dei ulike dagane. Informant 4 fortel dei har ein plan ut frå kor tid barnet skal vere med å ete lunsj, sove første gong i barnehagen og etter kvart ha lengre dagar. Vidare legg vedkommande vekt på kor viktig det er å sjå kvart enkelt barn og deira behov, samt ha ein god dialog med foreldre undervegs om korleis prosessen går. Informant 4 seier «*det er vanskeleg å leggje ein plan for vi veit ikkje korleis barnet vil reagere på barnehagestart, vi må ta det litt der og då etter at barnet har begynt*». Informant 1 og 2 fortel dei har skreve eigen plan om kva tilvenning og tilknytning handlar om, som foreldre får tilsendt. Vidare fortel informant 1 dei har skreve ein arbeidsplan for personalet om korleis tilvenningsperioden er lagt opp.

I begge barnehagane fortel informantane at dei organiserer kvardagen under tilvenning ved å dele barna i mindre grupper for å skjerme dei nye barna. Dette for at barna skal få ein mjuk overgang, bli kjent og trygg i avdeling. Informantane var samstemte i at fokuset er barnet sine behov og det vil vere individuelt kva enkeltbarnet treng. Ifølgje informant 1 vert det og ei tilvenning for dei som er i barnegruppa frå før når nye barn startar. Informant 2 fortel primærkontakt er ilag med barn og foreldre. Vedkommande fortel ein kan sjå for seg tryggleikssirkelen, foreldre er ei trygg hamn og primærkontakt koplar seg på barnet når det utforskar. Informant 3 fortel dei prøver å dele barna inn i grupper ut frå kven som er trygge og kva behov barna har. Informant 4 fortel dei har nokre dagar mellom kvart barn som skal starte og legg vekt på å ikkje ha for mange barn og vaksne i same rom. Vidare fortel vedkommande det er faste vaksne på dei nye barna og den gamle barnegruppa. Informant 4 seier «*det er ei travel tid der du ikkje alltid føler du strekker til*».

På spørsmålet om kva rolle personalet har i tilvenninga svarar informant 1 at primærkontakt har den største rolla og er første tilknytingsperson for barn og foreldre. Samtidig fortel vedkommande dei er opptekne av å arbeide i team og barnet skal bli kjent med alle etter kvart. Dette for at det ikkje skal

verte sårbart for barnet dersom primærkontakt er vekke. Informant 2 fortel at alle er med på tilvenning uavhengig av stilling og legg vekt på at ein assistent kan vere like god. Informant 3 og 4 fortel at rolla til personalet er viktig i samarbeid med foreldre for at barn og foreldre skal bli trygge, og for å få informasjon om barnet. Vidare fortel informant 3 at personalet må vere til stade og bekrefte kjenslene barnet har for å få det inn i toleransevindauget. Informant 4 fortel at personalet si rolle er viktig for korleis ein byggjer relasjonar og barnets nye kvardag i barnehagen. Vidare seier vedkommande «*alle skal yte det same, utøve pedagogisk arbeid uansett om du er assistent eller pedagogisk leiar*».

### 5.3 Tilknytning

Informantane fekk spørsmål om kva dei legg i omgrepet trygg tilknytning. Informant 1 formidlar at trygg tilknytning handlar om trivsel og vil vere individuelt kva barn treng for å få ei trygg tilknytning. Informant 2 viser til at det handlar om at den vaksne er omsorgsfull, nær og kan lese signal for at barnet skal utvikle seg. Informant 3 fortel trygg tilknytning er når barn ser på vaksne som ein omsorgsperson. Vedkommande viser til tryggleikssirkelen og fortel vaksne er ein effektiv ladestasjon når barn klarar å lade og kome seg opp på sirkelen. I tillegg fortel informant 3 at personalet må anerkjenne og møte barn i kjenslene dei opplever. Ifølgje informant 4 er trygg tilknytning når barnet oppsøker den vaksne, lar seg trøyse, er avslappa og har lavt stressnivå.

I forhold til korleis pedagogisk leiar arbeider med tilknytning på avdeling, fortel informant 1 det er viktig å bli kjent med barnet ut frå kva barnet likar og korleis trøyse barnet. Informant 1 og 3 fortel at personalet har fokus på å rettleie og gje kvarandre tilbakemeldingar. Informant 3 seier «*eg har ei forventning til personalet om korleis vi snakkar til og med barn, og kor viktig det er å støtte barn i kjenslene. Vi skal vere ein trygg, sterk og god vaksen*». Informant 2 formidlar at personalet arbeider med tilknytning ved å vere nær, tolke signal og uttrykk hos barnet. Vedkommande legg vekt på at personalet må vere interesserte, omsorgsfulle og leikande. Informant 4 fortel dei har fokus på at barnet skal få trygg tilknytning til éin eller to vaksne i starten, dersom det oppstår sjukdom. Vidare fortel vedkommande personalet har dialog med foreldre om arbeidstid i forhold til hente- og bringesituasjon slik at barnet møter éin kjent vaksen. Informant 4 fortel dei har møter om temaet tilknytning og korleis personalet kan arbeide med dette.

For å skape trygg tilknytning fortel informantane det er viktig at barn har éin fast vaksen den første tida. Begge barnehagane har primærkontakt. Informant 1 fortel primærkontakt vert valt ut frå eigenskapane til personalet, foreldre og barn. Ifølgje informant 2 fordelar ho kven som er

primærkontakt ut frå om personalet er god i jobben og har dei evnene som trengst. Informant 3 fortel ho er primærkontakt for barn som treng mest, medan assistent og fagarbeidar får dei som tilpassar seg lett. Vidare fortel vedkommande det er ikkje noko ein kan vite på førehand, men på besøksdagen kan ein sjå det ut frå samspel med barn og foreldre. Informant 4 fortel det er éin vaksen som er primærkontakt, men byter undervegs dersom barnet føretrekk nokon andre. Vedkommande legg vekt på at det skal vere på barnet sine premissar.

Eitt av spørsmåla var tankar kring overgangsobjekt. Informantane var samstemte i at det kan vere viktig for tryggleiken til barnet i tilvenninga. Det kan vere eitt teppe, smokk eller ein koseklut og er noko barnet har eit nært forhold til. Informant 2 fortel etter kvart som barnet vert trygg, legg dei vekk objektet og barnet har det ved behov. Ifølgje informant 4 kan det bety mykje å ha noko som er kjent. Objektet kan vere noko barnet er vandt til å ha heime som kan vere ein tryggleik når barnet skal sove i barnehagen. Både informant 1 og 3 fortel overgangsobjektet ikkje skal brukast som trøyst eller avleiing. Samtidig fortel informant 3 når det er mange barn som skal ha det godt, kan til dømes ein smokk fungere når det er mykje som skjer på same tid. Informant 1 legg vekt på kor viktig det er å tole kjensler og at personalet må hjelpe barn og regulere desse.

#### 5.4 Foreldresamarbeid

På spørsmål om kva forventningar informantane har til foreldre i tilvenningsperioden, svarar informant 1 og 4 forventningar om foreldre som er ærlege, gir tilbakemeldingar og har fokus på barnet sitt beste. Vidare fortel informant 4 forventningar om at foreldre er positivt innstilt til barnehagen, samt førebudd på at det er ei stor omvelting i livet til barnet og noko som kan ta tid. Informant 2 forventar at foreldre spør og gir beskjed om dei ynskjer noko på ein spesiell måte. Informant 3 forventar at foreldre les seg opp på kva tilvenning inneber og kor tøft det kan vere for barnet. Vidare forventar vedkommande at foreldre er opne og ærlege om korleis det er heime. Informantane seier forventningane blir formidla gjennom dialog, oppstartssamtale og informasjonsskriv. Informant 3 fortel at foreldre får eit skjema som skal fyllast ut om barnet. Informant 4 seier personalet og foreldre har moglegheit til å gje kvarandre tilbakemelding då det er mykje kommunikasjon i starten. Informant 1 og 2 utdjupa ikkje noko meir utover dette.

Det er variasjon i svara når informantane blir stilt spørsmål om kva forventningar dei trur foreldre har til barnehagen. Informant 1 og 2 trur foreldre forventar barnet skal ha det trygt og godt, samt vere medverkande i kvardagen. Informant 4 formidlar forventningar om at primærbehov er dekkja, at det vert teke individuelle omsyn til kvart enkelt barn, at personalet tek foreldre på alvor og respekterer

dei. Vidare trur vedkommande foreldre har forventningar om at personalet er omsorgsfulle og genuint interesserte i at barna skal ha det godt. Ifølgje informant 3 har foreldre store forventningar til barnehagen, og trur foreldre tenker det dei ikkje får til sjølv skal barnehagen ordne.

Vedkommande trur foreldre har ei viss forventning om at barnehagen er ein fin plass for barn å vere, men er kritisk til at dei yngste barna kan vere i barnehagen opptil ni timar kvar dag. Vidare fortel informant 3 foreldre forventar personalet skal vere profesjonelle og ta godt vare på barna.

## 6 Drøfting

I denne delen skal vi drøfte funna frå undersøkinga som vert knytt opp mot relevant teori. Drøftinga er delt inn i fire kategoriar, det vil sei pedagogisk leiar, tilvenning, tilknytning og foreldresamarbeid. Problemstillinga som skal drøftast er «*Korleis kan pedagogisk leiar skape ei trygg tilvenning for dei yngste barna?*»

### 6.1 Pedagogisk leiar

Empiriske funn som skal drøftast handlar om korleis pedagogisk leiar og personalet arbeider under tilvenning. Under intervjuet kom det frå informant 4 «*alle skal yte det same, utøve pedagogisk arbeid uansett om du er assistent eller pedagogisk leiar*». Uavhengig av om ein er pedagogisk leiar eller assistent så jobbar ein på same måten med barna, men pedagogisk leiar er den som har hovudansvaret. Dette er noko Gotvassli (2019, s. 71) også hevdar, pedagogisk leiar har ansvar for å leie det pedagogiske arbeidet, produksjonen og kjerneaktivitetane i barnehagen. Slik Gotvassli hevdar er noko som også står i rammeplanen «*Den pedagogiske leiaren leier arbeidet med å planleggje, gjennomføre, dokumentere, vurdere og utvikle arbeidet i barnegruppa eller innanfor dei områda ein er sett til å leie*» (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 16). Rammeplanen er barnehagen sitt styringsdokument og noko alle tilsette må jobbe utifrå. Pedagogisk leiar har kunnskap som resten av personalet kanskje ikkje har, som til dømes kunnskap om tilvenning og korleis ein bør arbeide med det. Som pedagogisk leiar på ei avdeling er det å leie personalet blant desse oppgåvene. For å få til eit godt samarbeid er det å dele kunnskap vesentleg.

Informant 4 seier også: «*det er vanskeleg å leggje ein plan for vi veit ikkje korleis barnet vil reagere på barnehagestart, vi må ta det litt der og då etter barnet har begynt*». Vidare fortel informant 4 om noko som er planlagt, kor tid barnet skal vere med å ete lunsj, sove første gong i barnehagen og etter

kvart lengre dagar. Det kan tyde at avdelinga har nokre standard skjema men at desse er generelle og meint for personalet då dei ikkje er etter barna sine behov. At barn har ulike behov, hevdar også Drugli et al., (2020, s. 47) med å vise til at eitt sett med rutinar er ikkje nok i dagens samfunn. Det finst ikkje ein «One size that fits all» dette må personalet ta omsyn til. Informant 1 og 2 fortel dei har skreve ein eigen plan om kva tilvenning og tilknytning er som foreldre får tilsendt. I tillegg har dei har skreve ein arbeidsplan for personalet om korleis tilvenningsperioden er lagt opp. Å arbeide utifrå ein mal kan vere utfordrande om ein ikkje forstår hensikta med planen, men med kunnskap kan det bli eit godt resultat. Det positive kan vere at personalet er trygge på prosessen rundt oppstart fordi den er planlagt, men på den andre sida kan planane skifte retning. Det er ein fordel at personalet er omstillingsdyktige og fleksible når det vert endring i rutinar og planar.

## 6.2 Tilvenning

Når barn begynner i barnehage, har dei ein tilvenningsperiode. Tilvenning er ein overgang frå den kjente og trygge heimen til barnehage som er nytt og ukjent. Informantane var samstemte i at tilvenning handlar om ein overgang der barn skal vennast til ein ny kvardag. Dette kan handle om å bli kjent med barn, vaksne, rutinar og avdeling. Noko som vil vere viktig ettersom barnet etter kvart skal vere i barnehagen utan foreldre. Dette kan sjåast i samanheng med Broberg et al., (2020, s. 131) som hevdar at tilvenning handlar om at barnet skal bli kjent med det nye miljøet og få moglegheit til å bli godt kjent med minst éin pedagog for å venne seg til å vere utan foreldre over lengre tid.

Når det gjeld lengda på tilvenninga var informantane einige i at den bør vere minimum tre dagar, men dei oppfordrar foreldra til å bruke lengre tid. Dette blir sett på som viktig ettersom det vil vere individuelt kva det enkelte barn treng for å verte trygg og kor lang tid dette tek. I tillegg dreg informant 4 fram at ei veke bør vere sett av til tilvenning, medan informant 3 fortel at foreldre ikkje har rett på meir enn tre dagar fri. Ifølgje Broberg et al., (2020, s. 137) kan lengda på tilvenninga vere problematisk både for foreldre og barnehagen. Grunnar til dette kan vere at foreldre ikkje har moglegheit til å ta fri frå jobb over ein lengre periode, og barnehagen har ofte mange nye barn som begynner på same tid. Funn frå intervjuet viser at dersom foreldre ikkje har moglegheit til å vere lengre enn tre dagar, legg pedagogisk leiar til rette for at barnet kan starte først eller sist, for å ikkje få ein dårleg overgang. Informantane opplyser at dei fleste barn treng lengre tid enn tre dagar med tilvenning. Ifølgje Drugli et al., (2020, s. 11) vil ein god overgang bidra til at barnehagen blir eit positivt tilskot i barna sine liv, for eksempel i form av nye gode relasjonar og nye stimulerande erfaringar. Dersom foreldre ikkje har moglegheit til å vere lengre enn tre dagar og barnet signaliserer at det ikkje er trygg, kan det medføre at overgangen vert vanskeleg. I motsetnad til ein god overgang

viser Drugli et al., (2020, s. 11) til at ein vanskeleg overgang kan skape utryggheit og stress hos barna, noko som kan påføre dei belastningar som resulterer i negative effektar både på kort og lang sikt.

Samtidig kjem det fram frå ein av informantane, at pedagogisk leiar oppfordrar foreldre til at barnet har kortare dagar i starten. Dette kan handle om at det er ein stor overgang for barnet å vere utan foreldre over lengre tid og barnet opplever mange ulike kjensler på same tid. Dermed må pedagogisk leiar i dialog med foreldre avtale kor lange dagar barnet skal ha den første tida. Ifølgje Broberg et al., (2014, s. 141) har foreldre og pedagogisk leiar eit felles ansvar for å tolke barnets behov og reaksjonar og for å tilpasse lengda på tilvenninga ut frå barnet sitt beste.

### 6.3 Tilknytning

Ifølgje informant 2 handlar trygg tilknytning om at den vaksne er omsorgsfull, nær og kan lese signala barn sender. Dette er i tråd med Drugli et al., (2020, s. 33) som hevdar at trygg tilknytning er når barnet har gjentatte erfaringar med å bli forstått og møtt på gode og tilpassa måtar av omsorgsgjevar. Tilknytning er kjenslemessige relasjonar som varar over lengre tid. Ifølgje Drugli et al., (2020, s. 30) er tilknytning eit emosjonelt band mellom barn og omsorgsgjevar. Dette er basert på barnet sine behov for beskyttelse, tryggleik og omsorg. Desse emosjonelle banda vert utvikla gjennom samspels erfaringar.

Ein av informantane fortel at trygg tilknytning handlar om at personalet anerkjenner og møter barn i kjenslene dei har. Dette kan underbyggjast av Brandtzæg et al., (2013, s. 15) som hevdar at tilknytning handlar om meir enn gode kjensler, det handlar like mykje om å hjelpe barn med vanskelege kjensler. Korleis personalet er i møte med barn kan vere avgjerande for om tilknytninga vert trygg eller utrygg. Dersom personalet ikkje har ei sensitiv tilnærming ovanfor barnet kan tilknytninga verte utrygg. I motsetnad til trygg tilknytning er utrygg tilknytning når omsorgsgjevar ikkje er sensitiv og kjenslemessig tilgjengeleg for barnet, eller er uføreseieleg i den forstand at barnet nokre gonger blir møtt på gode måtar, og andre gonger ikkje (Drugli et al., 2020, s. 33).

#### 6.3.1 Primærkontakt

For at barn skal få ei trygg tilknytning, er informantane samstemte i at det vil vere viktig å ha éin fast vaksen den første tida. Funn viser at begge barnehagane har primærkontakt. Ifølgje Drugli et al., (2020, s. 37) er primærkontakt ein vaksen som gir barn grunnleggjande erfaringar med tryggleik. Ved at barn har primærkontakt kan dei verte godt kjent og etablere ein nær relasjon. Dette kan føre til at



overgangen frå heim til barnehage vert betre. Informant 1 fortel at primærkontakt har den største rolla og er første tilknytingsperson for barn og foreldre. Både informantane og Drugli et al., (2020, s. 37) hevdar primærkontakt er grunnleggjande for at barn skal få ei trygg tilvenning. Informant 4 fortel det er éin vaksen som er primærkontakt, men at dei byter undervegs dersom barnet føretrekkjer nokon andre. Ifølgje John Bowlby sin tilknytningsteori søker barna sjølv etter ein omsorgsperson, som blir barnet sin primærkontakt (Broberg et al., 2020, s. 59). Dette er i tråd med John Bowlby sin tilknytningsteori ettersom informant 4 har fokus på at det skal vere på barnet sine premisser.

Informant 3 fortel at pedagogisk leiar er primærkontakt for barn som treng mest, medan assistent og fagarbeidar er primærkontakt for dei som er meir tilpassingsdyktige. Dette kan tolkast som at fokuset er å lette arbeidsfordelinga slik at øvrig personalet skal få dei som krev mindre. Dette kan handle om at pedagogisk leiar vel primærkontakt ut frå kva kunnskap og kompetanse personalet har. I tillegg dreg informant 3 fram at pedagogisk leiar ikkje kan vite på førehand korleis tilvenninga blir. Likevel påpeikar informant 3 at ein kan sjå det ut frå samspel med barn og foreldre på besøksdag i barnehagen. Fagereng (2020, s. 48) viser til at ein måte å skape tryggleik på, er gjennom bruk av primærkontakt. For at dette skal fungere er det viktig at foreldre er til stade den første tida.

### *6.3.2 Tryggleikssirkelen*

Ein av informantane viser til tryggleikssirkelen på spørsmål om trygg tilknytning og fortel vaksne er ein effektiv ladestasjon når barn klarar å lade for å komme seg opp på sirkelen. Ifølgje Brandtzæg et al., (2013, s. 18) viser til tryggleikssirkelen (Circle of security), korleis barns grunnleggjande behov heng saman. Øvst i sirkelen handlar det om å vere ein trygg base, den vaksne ser og støttar barnet til å utforske. Når barnet er nede i sirkelen, er den vaksne ei trygg hamn som støttar barnet når det treng trøyst og eit fang å sitte på. Funn frå intervjuet viser at personalet må anerkjenne og møte barn i kjenslene dei opplever. Ved at personalet er ei trygg hamn kan barn lade seg. Samtidig må personalet vere ein trygg base som støttar barnet til å utforske og komme seg opp i sirkelen etter lading.

### *6.3.3 Overgangsobjekt*

Informantane uttrykker at overgangsobjekt kan vere viktig for tryggleiken til barnet i tilvenninga. Funn frå intervjuet viser at overgangsobjekt kan vere eitt teppe eller koseklut, som er noko barnet har eit nært forhold til. Drugli et al., (2020, s. 37) referer til Winnicott som er kjent for omgrepet overgangsobjekt som skildrar kva betydning ein bamse eller koseklut kan ha når små barn separerast.

Informant 4 fortel objektet kan vere noko barnet er vandt til å ha heime og som kan verte ein tryggleik for barnet i barnehagen. Dette er i samsvar med Drugli et al., (2020, s. 38) som hevdar overgangsobjekt bidrar til at tryggleiken barnet kjenner heime kan og gjelde i barnehagen, noko som bidreg til å lette barnet si tilvenning til barnehagen. Informant 1 legg vekt på at personalet må tole å stå i situasjonar med ulike kjensler og at overgangsobjekt ikkje skal erstatte trøyst. Samtidig viser funn frå intervjuet at overgangsobjektet vert lagt vekk etter kvart, og barnet får objektet ved behov. Dette er i tråd med Drugli et al., (2020, s. 38) som viser til at når barnet etter kvart finn seg til rette og kjenner tilhøyrse og tryggleik i barnehagen, vil overgangsobjektet få mindre og mindre betydning som ei kjelde til tryggleik.

#### 6.4 Foreldresamarbeid

Empiriske funn omhandlar forventningar pedagogisk leiar har til nye føresette og forventingar ein trur føresette har til barnehagen. Informantane har forventningar om engasjerte føresette som har ei positiv innstilling til overgangen frå heim til barnehage. Samtidig er det forventningar om at føresette skal vere klar over kva påkjenning det kan vere for barnet å byrje i barnehagen. For at slike forventingar skal bli formidla krev det tydeleg og gjensidig kommunikasjon. Drugli et al., (2020, s. 58) trekk fram at ein må starte med kommunikasjon for å skape eit godt samarbeid. Informasjonsskrivet som barnehagen sender til nye føresette er den første forma for kommunikasjon mellom barnehage og heim. Deretter kjem føresette og barn på besøksdag i barnehagen. Når kommunikasjon oppstår i fysisk møte mellom føresette, barn og personalet skapar det ein situasjon til å tolke og forstå kvarandre betre gjennom eit synleg kroppsspråk. På denne måten kan ein få til ei trygg tilvenning for barn og vaksne. Forsking hevdar at trygge vaksne skapar trygge barn (Drugli, 2020, s. 11).

Det er ikkje ein sjølvfølge å få til eit godt foreldresamarbeid. Føresette treng på lik linje med barna å kjenne på tryggleik, tillit, og det å bli sett og høyrte. Informant 1 og 4 forventar foreldre som er ærlege, gir tilbakemeldingar og har fokus på barnet sitt beste. Det å vite kva ein legg i omgrepet barnet sitt beste er nødvendig å finne ut av. Mat og drikke, reine klede, søvn og nærleik er grunnleggjande behov i dagleg omsorg for barn. Føresette kan ha ulike preferansar relatert til kva som er barnet sitt beste. Kva haldingar personalet har i møte med føresette er avgjerande for vidare kommunikasjon med føresette og deira mogelegheit til å medverke for å verte sett og høyrte. Drugli et al., (2020, s. 48) hevdar at til betre kommunikasjonen er mellom foreldre og personalet, til betre støtte opplever barna hos omsorgspersonar i heim og barnehage.

Informant 4 forventar at foreldre er førebudde på at det er ei stor omvelting i livet til barnet å byrje i

barnehage og at det kan ta tid å verte trygg. Foreldre har ulike forventningar til barnehagestart, nokre forventar at det går fint medan andre føresette kan vere bekymra over utfordringar som kan oppstå. Det er ulikt kor mange fridagar føresette har i forbindelse med barnet si tilvenning i barnehagen. Nokre foreldre får tre dagar fri frå jobb til å vere med å følgje barnet under tilvenningsperioden, medan andre har moglegheit å vere til stades så lenge barnet treng det. Å vere eit støttande og trygt personale, er grunnleggande for ein god start, samt informasjon til føresette. Dette er i tråd med innhaldet i rammeplan for barnehage som vektlegg at «*Barnehagen skal leggje til rette for foreldresamarbeid og god dialog med foreldra*» (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 29).

Informant 3 hevdar at det kan opplevast som føresette sine forventningar til barnehagen er store, som til dømes ei forventning om at barnehagen skal løyse utfordringar hos barn som ein har utfordringar med å takle i heimen. Denne oppfatninga kan vise til tidlegare erfaringar med føresette som kan ha urealistisk høge forventningar. På andre sida kan ein forstå dette som at barnehagen skal løyse alle utfordringar basert på kunnskap og erfaring. Om dette vert tolka negativt frå pedagogisk leiar si side, kan dette utarte seg til eit foreldresamarbeid som kan verte negativt lada. Vi ser at ein slik situasjon kan verte uheldig for begge partar. Ein må likevel unngå at det påverkar samarbeidet om barnet sitt beste.

For at ein skal ha barnet sitt beste som mål, er det viktig å skape gode relasjonar som kan bidra til eit godt samarbeid. Ifølgje Drugli et al., (2020, s. 46) er det grunnleggjande at personalet i barnehagen er bevisst på at føresette er rollemodellar i barnet sitt liv. Difor er det viktig å verte kjend med den enkelte føresette for å få meir innsikt i barnet sin kvardag i heimen. Samtidig har vi kjennskap til at fleire barnehagar har eigen app der føresette kan følgje med på innhaldet i barnet sin kvardag i barnehagen. Eit anna verktøy for å legge til rette for samarbeid er at viktig informasjonen vert gjeven munnleg og skriftleg (Drugli et al., 2020, s. 50). Dette for å sikre at informasjonen når ut til alle.

## 7 Avslutning

Med problemstillinga «*Korleis kan pedagogisk leiar skape ei trygg tilvenning for dei yngste barna?*» har hensikta vore å få fram kva fokus pedagogisk leiar ilag med personalet har i tilvenninga. Gjennom intervju med fire pedagogiske leiarar har vi fått innsikt i korleis dei arbeider med tilvenningsprosessen på småbarnsavdeling, samt synspunkt kring tilvenning, tilknytning, primærkontakt og samarbeid med føresette. Ved å knytte teori innanfor temaet og drøfte dette ilag med empiriske funn, har det blitt drøfta fram korleis pedagogisk leiar planlegg, informerer og samarbeider med føresette for å skape ei trygg tilvenning.

I denne oppgåva har vi tileigna oss kunnskap om korleis tilvenningsprosessen i barnehagen kan gå føre seg. Vi ser at det ikkje er ein fasit på ei god tilvenning, men heller ei svært individuell erfaring som må vurderast ut frå kvart enkelt barn. Gjennom intervju og litteratur har vi fått eit godt bilete på korleis ein kan gå fram for å skape ei god og trygg tilvenning. Oppgåva vår kan ikkje gi ein fasit på kva pedagogisk leiar kan gjere for å sikre barn og føresette ei trygg tilvenning. Det kan vere fleire tilnæringsmåtar som må vegast opp mot ein annan. I prosessen med skriving av oppgåva har vi erfart at det kan vere fleire moment som kan avgrense pedagogisk leiar sitt arbeid med tilvenning. Dette kan vere økonomiske rammer, underbemanning og utbrent personalet. Vi har ikkje gått nærmare inn på desse faktorane grunna oppgåva si avgrensing.

I eit framtidsperspektiv kan ein stille seg spørsmål om foreldre bør få fleire dagar fri frå jobb i forbindelse med tilvenningsdagar for å sikre ein trygg og god tilvenningsprosess. Utarbeiding av planar for tilvenning, primærkontakt, kunnskap om tryggleikssirkelen samt gode relasjonar til føresette kan brukast i barnehagen for å sikre eit godt samarbeid.

For å sikre vidare forskning kan det til dømes verte eit krav om at fleire pedagogiske leiarar har ein mastergrad. På denne måten kan ein tilføre empirisk vitskap.

Konklusjonen vår er at pedagogisk leiar må møte barn og føresette individuelt på bakgrunn av at kvart enkelt barn og føresette har ulike behov. Nokre barn brukar lengre tid på å bli trygge, medan andre tilpassar seg fort.

## 8 Litteraturliste

- Bergersen, A. (2017). *Global forståelse: Barnehagelæreren som kulturell brobygger*. Fagbokforlaget.
- Bergsland, M. D. & Jæger, H. (Red.). (2022). *Bacheloroppgaven i barnehagelærerutdanningen*. CAPPELEN DAMM.
- Brandtzæg, I., Torsteinson, S. & Øiestad, G. (2013). *Se barnet innenfra – Hvordan jobbe med tilknytning i barnehagen*. Kommuneforlaget.
- Broberg, M., Hagström, B. & Broberg, A. (2018). *Tilknytning i barnehagen*. CAPPELEN DAMM AKADEMISK.
- Dalland, O. (2017). *Metode og oppgaveskriving* (7. utg.) Gyldendal akademisk.
- Drugli, M.B., Lekhal, R. & Buøen, E.S. (2020) *Tilvenning og foreldresamarbeid*. CAPPELEN DAMM AKADEMISK.
- Drugli, M. B. & Onsøien, R. (2021). *Sårbare små barn*. CAPPELEN DAMM AKADEMISK.
- Drugli, M. B. (2017). *Liten begynner i barnehagen*. CAPPELEN DAMM AKADEMISK.
- Drugli, M. B. (2018). *Liten i barnehagen*. (3.utg). CAPPELEN DAMM AKADEMISK.
- Drugli, M.B. (2020). Å begynne i barnehagen – små barns prosess. *PÆDAGOGISK PSYKOLOGISK TIDSSKRIFT FOR LAGETS KOLEPSYKOLOGI • PÆDAGOGISKE PSYKOLOGER S F O R E N I N G*, 57. ÅRGANG. (4), 1-12.
- Kunnskapsdepartementet. (2017). Rammeplan for barnehagen: *Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver*. Udir. Hentet fra: <https://www.udir.no/contentassets/7c4387bb50314f33b828789ed767329e/rammeplan-for-barnehagen---nynorsk-pdf.pdf>
- Kvale, S. & Brinkmann, S. (2009). *Det kvalitative forskningsintervju*. Gyldendal akademisk.
- Psykologforeningen. (2020, 26.mai). *Hva er tilknytning?* Hentet fra: <https://www.psykologforeningen.no/publikum/videoer-om-psykisk-helse/videoer-om-livsutfordringer/hva-er-tilknytning>

Statistisk sentralbyrå. (2023, 21. mars). Barnehager. Andel barn i alderen 1–5 år som har plass i barnehage. Hentet fra: <https://www.ssb.no/barnehager#relatert-tabell-2>

## 9 Vedlegg

### 9.1 Vedlegg 1: Samtykkeerklæring for intervju til bacheloroppgåve

#### Samtykkeskjema for deltaking til bacheloroppgåve

Dette er eit spørsmål om du ønsker å delta som informant til vår bacheloroppgåve. Formålet med oppgåva er å undersøke korleis pedagogisk leiar arbeider i tilvenning med dei yngste barna.

**Problemstillinga vår er:** *Korleis kan pedagogisk leiar skape ei trygg tilvenning for dei yngste barna?*

#### **Kva inneberer det for deg å delta?**

Dersom du ønsker å delta i prosjektet, inneberer det deltaking i intervju. Intervjuet vil innehalde spørsmål som vil fokusere på tilvenning, tilknytning og foreldresamarbeid. Rettleiar vil få innsyn i informasjon frå intervjuet. Det vil derimot ikkje bli gitt personopplysningar eller andre opplysningar som kan føre til identifikasjon av deg.

#### **Det er frivillig å delta**

Det er heilt frivillig å delta i prosjektet. Dersom du vel å delta, kan du når som helst trekke samtykket ditt, utan å oppgje grunn. Alle dine personopplysningar og informasjon frå intervjuet vil då bli sletta.

#### **Ditt personvern – Korleis vi oppbevarer dine opplysningar**

Datamaterialet og oppgåva vil vere anonymisert og det vil dermed ikkje vere mogleg at nokon kjenne deg att. Vi vil behandle personopplysningane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket. Notat frå intervjuet vil oppbevarast utilgjengeleg for andre. Dersom det kjem fram personopplysningar undervegs i intervjuet, vil desse bli koda slik at berre vi kan forstå kva det betyr.

#### **Kva skjer med opplysningane etter at bacheloroppgåva er levert?**

Notata frå intervjuet makulerast og slettast når oppgåva er levert og godkjent. Oppgåva skal leverast 25.05.2023 deretter følger ein tre vekers sensurtid.

#### **Korleis kan eg finne ut meir?**

Dersom du har spørsmål til oppgåva eller ønsker meir informasjon. Ta gjerne kontakt med:

Namn: Julie Heggheim eller Ann Kristin Borren Hukset

Mobil: 468 98 817                      466 11 035

E-post: [julieheggheim@hotmail.com](mailto:julieheggheim@hotmail.com) / [ann\\_borren@yahoo.com](mailto:ann_borren@yahoo.com)

Eller vår rettleiar:

Namn: Astrid Reidun Berglid Bakken

Mobil: 905 45 873

E-post:

[Astrid.bakken@hvl.no](mailto:Astrid.bakken@hvl.no)

Med vennleg helsing

Julie Heggheim og Ann Kristin Borren Hukset

Samtykkeerklæring

Eg har mottatt og forstått informasjonen om prosjektet, og fått anledning til å stille spørsmål. Eg samtykker til:

Å delta i

Intervju

Eg samtykker til at mine svar kan oppbevarast og behandlast fram til prosjektet er avslutta.

(Signatur av prosjektdeltakar, stad og dato)

---



## 9.2 Vedlegg 2: Intervjuguide

### **Opplysingar om informanten/intervjupersonen og barnehagen**

1. Utdanning/vidareutdanning (år)
2. Arbeidserfaring (år)
3. Korleis er barnehagen organisert?
4. Kor mange barn er det på avdelinga?

### **Tilvenning**

5. Kva legg du i omgrepet tilvenning?
6. Beskriv korleis de førebur tilvenninga?
7. Beskriv korleis tilvenningsperioden er her hos dykk? (Tal dagar, dialog med foreldre)
8. Har barnehagen ein plan for tilvenning?
9. Korleis organiserer dykk kvardagen under tilvenning?
10. Kva rolle har personalet i tilvenninga?

### **Tilknyting**

11. Kva legg du i omgrepet trygg tilknyting?
12. Beskriv korleis avdelinga arbeider med tilknyting?
13. Har barnehagen primærkontakt?
14. Beskriv korleis du vel primærkontakt?
15. Kva tenker du om overgangsobjekt?

### **Foreldresamarbeid**

16. Kva forventningar har du til foreldre i tilvenninga?
17. Korleis formidlar du dette?
18. Kva forventningar trur du foreldre har til barnehagen?
19. Har du forventningsavklaring med foreldre?
  
20. Noko du ønsker å leggje til?